



# Kjære lokallagsleiar!

Det er ein stor og viktig jobb du har sagt ja til. Det krev sin mann (eller kvinne) å vere leiar i eit ungdomslag, men ofte får du igjen vel så mykje som du ofrar.

”Å glede andre er den største gleda” heiter det. Med din innsats får andre gleda av å tilhøyre eit fellesskap, av å vere med på ein aktivitet og av å knytte venskapsband. Eitkvart lokalt lag, lite eller stort, betyr noko for lokalsamfunnet. Som leiar i eit lag får du gjere noko som betyr noko for andre, får utvikle deg sjølv og laget og får nye kjenningar og vener.

Du har mange oppgåver å halde styr på. Noregs Ungdomslag sentralt vil gjerne hjelpe deg med dette. Derfor har vi utarbeida dette Verktøyskrinet. I heftet følgjer det med ein liten sekretær som kan kviskre deg i øyra eitt og anna du bør hugse på, som kan finne fram synål eller skrujern når det trengst, og som kan hjelpe deg i å utvikle deg sjølv og laget vidare. Men sekretæren er berre aktiv om du les det som står her. Tar du deg tida til det, kan du i framtida spare deg ein del tid og grubling.

Verktøyskrinet byggjer på Verktøykassa, eit meir omfattande kursmateriell. Frå Verktøykassa har vi henta skrujern, hammar og ein del anna verktøy og lagt ned i Verktøyskrinet. Men finn du ikkje det verktøyet du treng, er det mogleg å få tilsendt Verktøykassa med å sende ein e-post til: [post@ungdomslag.no](mailto:post@ungdomslag.no) Eller du kan melde deg på kurs i organisasjonsarbeid. Ta kontakt med NU-kontoret eller fylkeslaget ditt og spør etter slike kurs.

Vi håpar du får glede av Verktøyskrinet! Lykke til vidare som leiar og i arbeidet med å skape levande lokalkultur!

*Verktøyskrinet er skriva av Åge Avedal og illustrasjonane er av Svein Nyhus i 2007. Dette er ei revidert utgåe frå 2021.*

# Innhald:

Kjære lokallagsleiar	s. 2
Innhald	s. 3
Ungdomslaget	s. 4
Verdiar	s. 4
Derfor er vi med!	s. 5
NU si oppbygging	s. 6
Kva kan du hjelpe sentrallet med?	s. 7
Dei tillitsvalde og leiaren	s. 8
Å vere leiar	s. 10
Planlegging	s. 11
Årshjulet	s. 11
Støtteordningar og søknader	s. 13
Frifond	s. 13
Studiemidlar	s. 14
Andre aktuelle støtteordningar	s. 14
Fond som NU forvaltar	s. 15
Gode tips til søknaden	s. 15
Årsmøtet	s. 16
Informasjonsarbeid	s. 18
Internt infoarbeid	s. 18
Marknadsføring	s. 19
Mediearbeid	s. 19
Våg å meine noko!	s. 20
Ungdomshuset	s. 21
Norske Lagsbruk	s. 21
Støtteordningar og tips til drifta	s. 22
Litteratur	s. 23





# Ungdomslaget

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Slik lyder § 1, føremålet til Noregs Ungdomslag, vedtatt av årsmøtet i 2006. NU har rundt 350 lokale ungdomslag som mange stader er viktige kulturentreprenørar og byggjarar av lokalsamfunn.

Ungdomslaga engasjerer seg i mange ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, bunad- og handverksarbeid, musikk og ungdomsklubbar er dei største. Rundt 250 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus.

Ungdomslaga har eit stort mangfald av aktivitetar – i ungdomslaget kan du drive med det du har lyst til!

## Verdiar

Ungdomslaga driv med mange ulike aktivitetar, men har eit felles sett kjerneverdiar:

- Frilynd
- Samfunnsengasjement
- Folkeleg kultur
- Samværskultur

Kjerneverdiane til ungdomslaga er nedfelt i prinsippprogrammet til NU, og er berande idear for det lokale arbeidet i Noregs Ungdomslag.



## Derfor er vi med!

NU si fremste oppgave er å stø opp om den lokale aktiviteten. Mange lag har stor glede av dei tenestene NU sentralt kan by på:

- **Støtteordningar**  
Gjennom NU kan lokallaga m.a. søke støtte til aktiviteten frå Frifond og studiemidlar gjennom Studieforbundet Kultur og Tradisjon.
- **Kurs- og møtestader**  
Sommarleiren for ungdom, landsmøte og landsrådsmøte (for fylkeslaga) er dei største møtestadane i NU. Av kurstilbod og prosjekt kan nemnast kurs innan dans, teater, bunad og barne- og ungdomsarbeid. Vi har instruktørutdanningar innan folkedans og teater Les meir på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no).
- **Ungdomshusa**  
Mange av laga i Noregs Ungdomslag er eigar eller medeigar av eit ungdomshus eller lagsbruk. Det kan vere økonomisk og praktisk utfordrande å halde desse bygga i den stand som laga sjølv ønskjer. Å yte sørvis til dei laga som har hus er derfor ei prioritert oppgave. NU kan gjennom [www.knif.no](http://www.knif.no) tilby m.a. forsikring av ungdomshus. Huset i bygda (HiB) vart starta i 2010 som eit initiativ frå Sogn og Fjordane Ungdomslag, og har sidan blitt utvida til Vestland og Møre og Romsdal. Initiativet har som mål å få kartlagt organisasjonseigde hus, og elles yte sørvis til huseigarane. Ein viktig del av dette har vore å arrangere samlingar for kompetanseheving og nettverksbygging. Sjå [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no)
- **Politisk lobbyarbeid**  
Støtta til lokale kulturhus, Frifond, studiemidlar og styrking av arbeidet med amatørteater og folkedans er nokre av sakene vi jobbar målretta og mykje med. NU er òg ein sentral aktør i ulike nettverk av kulturorganisasjonar.

Sentralledet svarer på spørsmål rundt lagsdrifta, jobbar mykje med fagleg utvikling og med å synleggjere aktivitetane og verdiane til ungdomslaga internt og i media.



Lokale lag og organisasjonar treng dei sentrale organisasjonane for å kunne utvikle seg, få hjelp og for å påverke myndigheitene og andre. NU sentralt har mykje godt å tilby lokallaga, men laga må òg vere aktive ved å ta kontakt og nytte seg av tilboda om dei skal få best mogleg nytte av tenestene!



## NU si oppbygging



## Kva kan du hjelpe sentralleddet med?

**Årsrapport** for føregående år skal bli levert til Noregs Ungdomslag kvart år.

**Medlemslister** skal vere oppdatert i medlemssystemet Hypersys.

Dei **tillitsvalde** i laget skal òg vere registrert som styret i medlemssystemet Hypersys.

Du kan oppdatere, legge inn **nye medlemmer og tillitsvalde**, endre adresser o.l. i Hypersys. Logg inn via [www.ungdomslag.hypersys.no](http://www.ungdomslag.hypersys.no) Brukarnamn og passord får du ved å ta kontakt med sentralleddet.

Skjema for årsrapport blir sendt ut via Hypersys.

Noko uklart? Les meir under menyen "lagsteneste" på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no) eller ring på telefon 24 14 11 10.



# Dei tillitsvalde og leiaren

Tillitsverv er eit teikn på at nokon har - ja - tillit til deg. Ein tillitsvald gjer likevel jobben sin frivillig. For å få folk til å ta på seg tillitsverv må dei få mykje igjen for innsatsen, og sjå styrearbeidet som ei overkommeleg og meningsfull oppgåve.

Styret må òg ha tanke for at laget er demokratisk. Det er medlemene og årsmøtet som har det siste ordet. Når det er sagt har ofte styret stor makt, og må forvalte denne på ein god måte.

Det er mange måtar å setje saman eit styre på, og talet på medlemer kan variere. Det er likevel viktig at nokon i styret fyller rollene som leiar, nestleiar, skrivar og kasserar. Ofte kan styremedlemene òg sitje som leiar i nemndene i laget, og ei mindre gruppe i styret kan utgjere eit arbeidsutval som møtest mellom styremøta.

Nedanfor står lista opp ein del oppgåver som det kan vere naturleg at dei ulike tillitsvalde tar hand om.

## Leiaren

- ◇ Har det overordna ansvaret for heile lagsdrifta.
- ◇ Er den som naturleg representerer ungdomslaget i alle samanhengar.
- ◇ Er ofte kontaktperson for laget ovanfor NU, fylkeslag og andre.
- ◇ Har overordna tilsyn og ansvar for økonomien i laget.
- ◇ Skal førebu, kalle inn til og leie styremøta.
- ◇ Har ansvar for informasjonen ut til medlemmane i laget (i samarbeid med skrivaren).
- ◇ Skal sørge for at vedtak som ungdomslaget har gjort vert følgt opp.
- ◇ Skal delegere oppgåver til styremedlemmane og andre i laget.
- ◇ Leiaren si underskrift er bindande for ungdomslaget, og skal vere i tråd med vedtak i organisasjonen og i samsvar med lover og føresegner.



## Nestleieren

- ◇ Tek over leiarfunksjonen i leiaren sitt fråver.
- ◇ Skal halde seg godt orientert om sakene, og bør difor ha eit godt samarbeid med leiaren.
- ◇ Har ingen særskilde oppgåver i styret, men kan bli pålagt avgrensa arbeidsoppgåver.

## Skrivaren

- ◇ Skal skrive referat frå styremøte og andre tilskipingar i laget.
- ◇ Skal skrive/sende møteinnkalling og referat i samarbeid med leiaren.
- ◇ Skrive brev for laget i samarbeid med leiaren.
- ◇ Kan ha ansvar for pressemeldingar og skriving av søknader.
- ◇ Har hovudansvar for skriving og innsamling av stoff til årsmelding for laget.

## Kasseraren

- ◇ Skal ha oversikt over økonomien. Fører vanlegvis rekneskap, og ser til at denne blir revidert.
- ◇ Har ansvar for innkrevjing/innbetaling av medlemskontingenten.
- ◇ Har oversikt over ulike støtteordningar og søknadsfristar, og skriv søknader i samarbeid med skrivar, studieleiar eller leiar.
- ◇ Skal setje opp framlegg til budsjett for laget i samarbeid med styret/leiaren.

## Styremedlem

- ◇ Kan få særskilde ansvarsområde/oppgåver av styret eller leiar, til dømes: Informasjonsarbeid, eigedom/utstyr, tilskipingar, ansvar for nemnder i laget, politisk arbeid, ungdomsarbeid, medlemsverving og lotteri/loddsal.

I eit styre er ingen viktigare enn andre, men likeverdige partar! Ein når alltid lenger om alle gjer ein innsats enn om berre ein eller nokre få skal gjere jobben.



## Å vere leiar

Noko av det viktigaste du kan gjere som leiar er å vere fleksibel og merksam på folk rundt deg. Ein leiar skal ikkje vere ein superhelt, men kan gjere ein god jobb om vilkåra er lagt til rette for det.

Skal oppgåva kjennest meiningsfull må den inngå i ein større og forståeleg samanheng. Som leiar bør du markere at du treng både sjølvstende og tilbakemeldingar på innsatsen din. I styret skal alle ta vare på kvarandre, dette er ikkje berre ei oppgåve for leiaren!

Det vil alltid oppstå konflikter i eit styre. Konflikter er ikkje nødvendigvis eit vonde. Ta derfor tak i dei vanskelege situasjonane før det blir for seint. Kristen Ulstein skriv i *Organisasjon og ledelse i frivillig arbeid* frå 1999:

Konfliktnivået i en organisasjon kan både være for høyt og for lavt. En harmonisk organisasjon kan rett og slett være stagnert og apatisk, uimottakelig for impulser, eller lite kreativ og fleksibel. Konflikter er en forutsetning for dynamikk. Dyktige ledere skaper konflikter.

Det handlar om korleis ein taklar konflikten. Konflikter kan vere med å skape nye løysingar.

Til slutt fem prinsipp for den gode leiaren:

1. **Lytt**
2. **Vis interesse**
3. **Deleger makt**
4. **Ver fleksibel**
5. **Samarbeid**

(Fra leder til veileder, Rørmark/LNU 1999)





*Leiaren treng ikkje å vere ein superhelt*



# Planlegging

Alt frivillig organisasjonsarbeid krev planlegging. Enkelte køyrer på utan å planlegge, og kan bli straffa for det. Andre planlegg og planlegg – og kjem aldri så langt som til sjølve aktiviteten. God planlegging er ofte nøkkelen til godt gjennomførte aktivitetar og prosjekt.

Men kvifor planlegge? Jo, for å få **oversikt** over:

- Mål
- Målgruppe
- Tiltak som skal gjennomførast
- Ansvarsfordeling
- Tidsperspektiv
- Kva inntekter og utgifter vi vil få

Dei vanlegaste plandokumenta ungdomslaga styrer etter er lovene, arbeidsprogrammet, rekneskapen og budsjettet. Meir om desse programma finn du under emnet *årsmøtet*.


Det kan ofte vere fornuftig å organisere større tiltak og aktivitetar som prosjekt. Å bruke prosjekt som arbeidsmetode er fint fordi det skaper struktur og oversikt, og fordi det tar høgde for at aktiviteten har ein planleggingsfase, gjennomføringsfase og evalueringsfase. Prosjektskissa kan vere eit godt hjelpemiddel, og kan òg nyttast i lag med søknader om midlar.

## Årshjulet

Eit anna godt planleggingsverktøy er årshjulet. Årshjulet er delt i tolv månader og ulike kategoriar som *aktivitetar*, *prosjekt*, *møte* og *NU/fylkeslag*. Styret har ansvar for å fylle ut årshjulet fortløpande. Lag eit årshjul som passar for ditt lag. Kanskje skal kvar nemnd ha sin eigen kategori? Kanskje skal utleigedatoar i ungdomshuset førast som ein kategori?

Målet er å få god oversikt over kva som skal skje framover og kunne planlegge aktivitetar, prosjekt og møte utifrå kva tid andre aktivitetar er tenkt. Hjulet kan verke inspirerande fordi ein ser kor stor aktiviteten faktisk er i løpet av eit år, og er eit godt utgangspunkt når årsmeldinga skal skrivast. Årshjulet bør hengast opp ein sentral stad der medlemene møtest.

## Slik kan årshjulet sjå ut:







# Støtteordningar og søknader

Dette er eit emne som bør interessere dei fleste. Til meir pengar vi får i støtte til meir aktivitet kan vi skape! Både leiaren, skrivaren, kasseraren og eventuelt studieleiaren bør ha god kjennskap til kva støtteordningar som finst.

## Frifond

...er ei støtteordning som har til formål å skape auka aktivitet for barn og unge. Ungdomslaga kan søke om frifondmidlar gjennom Noregs Ungdomslag.

Kriteria for å få støtte er:

- Laget må ha sendt inn årsrapport til Noregs Ungdomslag for for føregående år.
- Laget må ha levert inn årsrapport og betalt medlemskontingent til NU sentralt for føregående år.
- Laget må ha betalt kontingen til NU sentralt for inneverande år. For å kunne motta driftstilskot (jf punkt 4) må laget ha betalt kontingent for minimum 5 medlemmer under 26 år.
- Lokallagskontingenten må minimum vere 50,- kroner, og ved familiemedlemskap må kontingenten minst vere 100,- kroner.

### 3. Søknadsskjema og søknadsfrist

Lokallaget søker NU sentralt om midlar på eige skjema, og på vegne av aktiviteten i heile laget, inkludert eventuelle undergrupper.

Søknadsfristen er 1. september. Søknadsfristen skal kunngjerast minst tre månader i framkant, og som eit minimum gjennom informasjon i nyheitsbrev som går til alle lokal- og fylkeslag og på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)

Retningslinjene må gjerast tilgjengeleg for laga samtidig som søknadsfristen blir kunngjort.

### 4. Fordeling av tilskot mellom søkerlaga

Noregs Ungdomslag har tre ulike ordningar laga kan søkje om Frifondmidlar til:



Noregs Ungdomslag har tre ulike ordningar laga kan søkje om Frifond-midlar til:

a) Oppstartstilskot. Fast beløp på kr 4 000 til nye lag, eller til lag som har færre enn fem teljande medlemmar, og som ønskjer å starte opp aktivitetar for barn og unge.

eller:

b) Aktivitetstilskot til laget sitt arbeid for barn og unge. Dersom laget tilfredsstiller krava under punkt 2, vil ein få utmålt eit tilskot etter følgjande prinsipp:

Grunnbeløp på kr 4 000.

Variabelt beløp per medlem under 26 år per 31.12.2019. Dette beløpet blir fastsett etter kor mykje pengar som er att i potten etter at prosjekttilskot (jf. pkt c), oppstartstilskot og grunnbeløpet er fordelt. For lag som har fått oppstartstilskot i 2019, og som ikkje har registrert medlemmar under 26 år per 31.12.2019, blir medlemstalet under 26 år per 1.9.2020 lagt til grunn for tildelinga.

I tillegg:

c) Tilskot til teaterprosjekt for barn og unge i laget. Med teaterprosjektet blir det meint framsyningar, kurs, turnear og større arrangement. 1/3 av deltakarane i prosjektet må vere under 26 år. Prosjekt som går i overskot utan tilskot frå Frifond, vil ikkje få tildelt tilskot. Den totale potten til teaterprosjekt er 200 000 kroner. Alle godkjente søknadar får tildeling, men støttebeløpet kan bli mindre enn søknadssummen dersom det totale søknadsbeløpet overstig potten på 200.000 kroner.

Laga må sende eigen søknad om prosjekttilskot med kort prosjektskildring og budsjett. Laget kan berre søkje om tilskot til eitt prosjekt. Lag som vil søkje prosjekttilskot til teaterarbeidet må også søkje oppstartstilskot eller aktivitetstilskot. Stønad til teaterprosjekt kjem på toppen av oppstartstilskot eller aktivitetstilskot. Laget må sende eigen rapport på tiltaket.

Ein kan søke støtte til nesten kva som helst, så lenge det stettar krava. Det finst ferdig utarbeidde skjema som du finn på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no).



## Studiemidler

Lag som driv opplæringsverksemd kan søke studiemidler til denne aktiviteten. Noregs Ungdomslag sitt studieforbund heiter Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

Les meir og send søknad gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon sine nettsider:

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

For å få tilskot må opplæringa fylle desse krava:

1. Det må vere minst fire deltakar over 14 år som deltar minst 75 % av tida
2. Opplæringa må vare minst fire timar og må lysast ut offentleg
3. Opplæringa skal følgje ein studieplan godkjent av Studieforbundet kultur og tradisjon
4. Tiltaket må meldast inn før kursstart og meldast ferdig etter kursslutt  
(Kjelde: [www.kulturogtradisjon.no/](http://www.kulturogtradisjon.no/))

Det gjeld å vere kreativ i søkefasen. Er det fleire grupper involvert i kursaktiviteten kan ein søke til kvar gruppe, så lenge dei stettar krava. I ei teateroppsetting kan ein søke om støtte til både regi, lys/lyd, utvikling av manus, kostymemaking osb.

## Andre aktuelle støtteordningar

- Kommunale støtteordningar
- Kulturrom (tilskuddsordningen for teknisk utstyr og lokaler)
- Grasrotandelen
- Norsk kulturråd
- Sparebankstiftelsen
- Lokalt næringsliv, som sparebankar, forsikringsselskap mm.





Hugs at det stadig skjer endringar innan støtteordningane. Retningslinjene og storleiken på støtta kan variere frå år til år.

## Gode tips til søknaden

- Les utlysingsteksten og retningslinjene nøye!
- Legg ved eventuell projektskisse
- Ver tydeleg på kva målet med tiltaket er
- Ver konkret på korleis de vil nå målet
- Jobb med innleiinga: Her skal du selje søknaden
- Søknaden skal vere strukturert og ha fin formgjeving
- Ta med litt om bakgrunnen til laget
- Skal søknaden sendast i posten eller på e-post / over nett?



# Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt høgste organ, og det er viktig å ha gode køyrereglar for møtet. Det er medlemene som bestemmer kva laget skal halde på med, og årsmøtet er den fremste arenaen for å avgjere dette.

Alle lokal- og fylkeslag skal ha årsmøte. Det er lova til laget som bestemmer kva saker ein skal handsame på årsmøtet og korleis møtet skal avviklast.

I regelen er det slik at det blir kalla inn til årsmøte ein månad i førevegen. Då sender styret ut innkalling med sakliste. Alle som er medlemmer i laget eller var medlemmer i føregåande år kan møte på årsmøtet med røyste-, tale og forslagsrett.

Årsmøtet bør velje ein til å styre ordet under møtet, ein til å skrive referatet og ein eller to til å skrive under det ferdige referatet.

Dei viktigaste sakene som alltid skal vere med på årsmøtet er:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Arbeidsprogram
- Budsjett
- Val

## Årsmelding

Syner kva laget har gjort det siste året. Årsmeldinga bør innehalde tankar om året som har gått, kven som blei valt på førre årsmøte, oversikt over tillitsvalde, medlemstal, tilskipingar og prosjekt i laget, investeringar, dugnadar, utsendingar på møte, kurs og seminar og rapportar frå nemnder og utval.

## Rekneskap

Syner kor mykje pengar laget har fått inn og brukt det siste året, og korleis dei er brukt. Rekneskapen skal vere revidert.

## Arbeidsprogram

I arbeidsprogrammet kjem styret med framlegg om kva det meiner at laget skal arbeide med i neste periode. Medlemmene kan kome med endringar og forslag.



## Budsjett

Styret har på førehand sett opp kor mykje pengar dei trur laget kjem til å bruke og tene i året som kjem. Årsmøtet kan endre på postane i budsjettet.

## Val

Årsmøtet vel leiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Årsmøtet kan òg velje medlemmer og eventuelt leiar i ulike nemnder og utval. Det er valnemnda i laget som legg fram innstilling til årsmøtet, men årsmøtet kan komme med motkandidatar. Årsmøtet skal òg velje ny valnemnd.

## Lovene

Det er årsmøtet som vedtek lovene til eit lag og som kan gjere endringar i desse. Lovene avgjer korleis laget skal styrast, kva føremålet er osv. Ynskjer laget å vedta nye lover kan dei ta utgangspunkt i NU sine mønsterlover for lokallag. Desse finn du m.a. på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no) under menyen: lagsteneste – nyttige dokument – lov for lokallaget

## Omframtr årsmøte

Årsmøtet, styret eller medlemene kan bestemme at laget skal ha omframtr (ekstraordinært) årsmøte. Dette kan t.d. skje om årsmøtet ikkje har fått valt ny leiar eller om spesielle saker oppstår mellom årsmøta. Lova til laget regulerer kven som kan krevje omframtr årsmøte og prosedyren for dette.

# Informasjonsarbeid

Frivillige lag og organisasjonar har ei stor utfordring i å skape god informasjonsflyt i laget og i å synleggjere laget for omverda. Den viktigaste informasjonsjobben er den som føregår internt.

## Internt infoarbeid



Ingen kommunikasjonskanal er betre enn samtalen. Den direkte kontakten mellom folk, ansikt til ansikt, er best fordi budskapet heile tida kan tilpassast tilbakemeldingar av verbal og kroppsleg art. Det er spesielt viktig at leiaren, tillitsvalde og instruktørane brukar tid på å samtale med dei som er medlemmer eller deltar på aktiviteten. På denne måten aukar tilliten og fleire kjenner seg inkludert og verdsett.

Laget har òg andre potensielle kommunikasjonskanalar for å nå medlemene. Dette kan vere m.a. heimeside, facebook, møte i laget, e-post, telefon, medlemsblad, referat og informasjonsskriv.

## Marknadsføring

Det finst ein haug med medium eller kanalar eit lag kan bruke for å marknadsføre seg.

Er målet å marknadsføre seg utanfor eigne medlemsrekker er første bod å tenke kven **målgruppa** er. Har ein ei klart definert målgruppe er det lettare å finne fram til kva verkemiddel og kanalar ein vil bruke.

Deretter må laget meisle ut **budskapet** det vil "selje". Kva er det vi vil ha fram? Korleis formulerer vi oss?

Til slutt handlar det om å bruke den rette **innpakkinga**. Denne må harmonere med målgruppa og budskapet.

## Mediearbeid

Meiner du media er den beste kanalen for å nå målgruppa må du opprette kontakt. Du kan t.d. ta direkte kontakt med ein journalist eller med redaksjonen, du kan invitere avisa/radiokanalen/fjernsynskanalen til eit arrangement i laget, du kan sende lesarbrev om ei aktuell sak eller skrive ei pressemelding som du sender til redaksjonen.

Når du tar kontakt er det viktig at du hjelper journalisten mest mogleg. Fortel han/ho kva som er det viktige ved saka, kven som er villig til å stille til intervju



og kor han/ho kan finne bakgrunnsstoff. Med godt førearbeid er sjansen større for at journalisten grip tak i saka.

Sender du **pressemelding** er det viktig at denne vekker interesse og er mest mogleg lik ein nyhendeartikkel slik den ville sett ut på trykk i ei avis. Då kan det vere at den kjem rett på trykk uredigert.

**Lesarbrevet** har ei heilt anna form enn pressemeldinga. Her er det meininga om ei sak som er det sentrale, og i motsetnad til pressemeldinga blir gjerne konklusjonen presentert til slutt.

## Våg å meine noko!

Mange lag er flinke til å nytte media ved teateroppsettingar, ungdomsaktivitetar, kurs, danseøvingar og andre aktivitetar. Det ein gjerne gløymer er at media ofte er vel så interessert i å dekke folk og organisasjonar sine meiningar om aktuelle saker.

Ungdomslaget og andre frivillige organisasjonar har meir enn aktivitetar på menyen. Laget kan ha tankar om lokalsamfunnet si utvikling eller korleis kommunen blir styrt. Mange lag har òg eit aktivt forhold til spørsmåla om inkludering, demokrati og arbeid for rusfrie møtestader.

Utan verdier og meiningar blir vi utydelege, kjedelege og tannlause. Verdiane og meiningane gir laget ein gylden moglegheit til å bli synleg i media. På denne måten får vi spreidd ideane våre, kan vere med å påverke og rekruttere nye medlemmer. Ungdomslaga blir viktigare om vi tør å forfekte meiningar i media!

Pressemeldinga, lesarbrevet eller den direkte kontakten med ein journalist kan derfor like gjerne ha eit samfunnsaktuelt fokus som peikar utover aktiviteten.



# Ungdomshuset

Omlag 250 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt kulturhus, ofte kalla ungdomshus. Noregs Ungdomslag er dermed den største frivillige kulturhusorganisasjonen i landet. Ungdomshusa er møtestader i lokalmiljøet, huser allslags aktivitet og gir rom for samhold og kreativitet.

Ungdomslaga eig hus i både byar og på bygda. Nokre av husa er umoderne og har liten aktivitet, andre held tipp topp standard og er i bruk kvar dag, året rundt. Ein god del av ungdomshusa i NU finst i bygder der det ikkje er kommunalt

Har du spørsmål knytt til drift av ungdomshuset? Ta kontakt med Christoffer Knagenhjelm på [christoffer@ungdomslag.no](mailto:christoffer@ungdomslag.no)

## Støtteordningar og tips til drifta

Bruk tid på å diskutere kva de vil med huset og kven som skal vere brukarane. Det er viktig å vere medvitne rundt kva slags marknad huset har: Kven er brukarane av huset? Kva blir det brukt til? Kva sterke og svake sider har huset?

Ei slik øving gir felles utgangspunkt når noko skal gjerast for å tilfredsstille dei "kundane" det er mest aktuelt å vende seg til. Om ein vil gjere dette meir grundig kan ein gå ut med ei spørjeundersøking i lokalmiljøet. Kanskje kjem det gode forslag til noko som de aldri har tenkt på. Det vil også gjere arbeidet med å drifte huset enklare om fleire har tilhøyrsløse til bygget, og styreoppgåver og dugnadsarbeid kan fordelast på fleire.

For å lykkast i dugnadsarbeidet må det vere godt organisert og ha tydelege mål og delmål. Deltakarane må òg få kjensla av å få eiga vinning av innsatsen.

**Aktivitet skapar aktivitet!**



Kven og kva kan vi bruke huset til?

### Lag og organisasjonar

- Klubblokale
- Møte
- Arrangement
- Øvingslokale

### Bedrifter

- Møte/seminar
- Festar

### Privatpersonar

- Bursdagar
- Konfirmasjonar, gravferd, dåp og bryllaup
- Selskap
- Øvingslokale

Sjå fleire gode råd for drift av ungdomshuset på [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no)